

1 Forslag til

2 Forbundscontingent for

3 2008

4 Innstilling frå Forbundsstyret

- 5 1. Forbundscontingenten til Hyperion settast basert på eininga Hyperion
6 grunnbeløp for contingent (HGK). HGK settast lik (budsjettert
7 contingentinntekt) / ([talet tellande medlemmer] + [100 x talet
8 tellande medlemsforeiningar] + [0,25 x talet nye medlemmer i 2007])
- 9 2. Alle tellande medlemsforeiningar betalar 100 HGK i grunncontingent
10 og vidare 1 HGK i contingent per medlem.
- 11 3. Innkreving av forbundscontingenten skal skje etter desse prinsippa:
 - 12 a) Berre medlemsforeiningar som er berettiga til å motta ordinært frifondtilskot eller etableringsstøtte frå
13 Hyperion skal betale forbundscontingent.
 - 14 b) Contingentsatsen per medlem gjelder berre dei medlemmane som ei medlemsforeining er berettiga til å
15 motta frifondtilskot for.
 - 16 c) Nye medlemsforeiningar som meldte seg inn i 2007 betalar 100 HGK i grunncontingent og 0,25 HGK i
17 contingent per medlem.
 - 18 d) Andre medlemsforeiningar som får 100 HGF (Hyperion grunnbeløp for frifond) skal betale 100 HGK i
19 forbundscontingent.
- 20 4. Forbundscontingenten krevast inn av Arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet kan gje utsatt frist for betaling
21 og/eller reduksjon av contingenten etter søknad. Avslag frå Arbeidsutvalet kan ankast til Forbundsstyret
22 (jf. føresegnene § 3-3).
- 23 5. Ved tvil eller tvist om desse reglane avgjer Desisjonskomiteen. Dersom ei medlemsforeining ynskjer å
24 klage på contingentstorleika, saksførehaving eller andre omstende i forbindelse med
25 forbundscontingenten, er Forbundsstyret klageinstans.
- 26 6. HGK skal senkast med minimum 4% sett frå forrige år. Arbeidsutvalet kan auke det totale
27 contingentkravet som fastsett i budsjettet forutsett at senkinga av HGK er bevart.
- 28 7. Forbundsstyret får fullmakt til, med 3/4 fleirtal, å foreta endringar i desse reglane.

